

Norsk standard heilt til pipa?



- Vanskeleg å setje ein standard som passar for alle, seier Aina Tjosås, Husbanken. side 5

Pilotfylkene valgt



- 13 fylker ville bli pilotfylke innen universell utforming, sier Einar Lund, Miljøverndepartementet. side 9

Bibliotek etter boken



- Små merkostnader til universell utforming, sier Hans Petter Olsen, Gjøvik kommune. side 12

universell utforming



(teikning: Egil Bjørøen)

Noreg universelt utforma i 2025

- Jo betre og meir funksjonell kvalitet, jo høgare verdi får bustaden både i marknaden og i bruk, seier statsråd Magnhild Meltveit Kleppa.

Det er god økonomi i at bygg, bustader og uteområde blir bygd ut frå prinsippa om universell utforming, slik at dei kan brukast av flest mogleg. Og regjeringa har handlingsplanen klar: Noreg skal vere universelt utforma i 2025. Barne- og likestillingsminister Anniken Huitfeldt ser universell utforming

som ein viktig del av moderniseringsprosessen.

Les intervju med begge på side 2 og 4.

I formålsparagrafen i ny plan- og bygningslov er universell utforming nedfelt som langsiktig nasjonal strategi, og kommune-Noreg har med nye planføresegner fått gode verkemiddel for å møte utfordringane framover på ein konstruktiv måte. Plandelen av ny plan- og bygningslov trer i kraft 1. juli 2009.

Les meir side 8.

Bu betre og lenger i universelt utforma bustader

Forbetringar kostar gjerne pengar, men det vil kunne liggje god økonomi i at bygg og bustad blir bygd med god tilgjengelegheit og universell utforming. Jo betre og meir funksjonell kvalitet, jo høgare verdi får bustaden både i marknaden og i bruk, seier statsråd Magnhild Meltveit Kleppa.

- Informasjonskampanjen "Din feil" er eit ledd i Regjeringa sitt informasjonsprogram for universell utforming i byggsektoren. Kva er målet med kampanjen?

- For Regjeringa er det eit satsingsområde å sikre økt tilgjengelegheit for alle gjennom universell utforming. I dag er det krav om tilgjengelegheit i publikumsbygg og arbeidsbygg. Undersøkingar syner samstundes at berre eit lite mindretal av bustadane våre er universelt utforma. Trinn, tersklar og smale dører er nokre eksempel på hindringar ein kan møte. Regjeringa ynskjer difor både å informere om universell utforming og å utfordre folk til å tenkje på brukbarheit, tilgjengelegheit og universell utforming når dei kjøper eller bygger om ein bustad. Målet med kampanjen er å auke folk sitt medvit om universell utforming av bustader.

- Blir ikkje desse krava til bustadkvalitet tekne vare på gjennom lover og forskrifter?

- Universell utforming er sentralt i departementet sitt arbeid med oppfølging av ny plan- og bygningslov. Eg kan nemna at det blir arbeide med forskrifter om skjerpa krav til tilgjengelegheit og universell utforming. Krav til universell utforming gjeld både publikumsbygg og arbeidsbygg. Vidare vurderer vi å skjerpa krava til heis og tilgjengelegheit i bustader. Krava skal og ta vare på branntryggleik og trygge løysingar ved rømming av bygg. Men vi treng fleire verkemiddel enn lov og forskrift for å betre kvaliteten på bustadane våre. Informasjon som "Din feil"-kampanjen er difor viktig. Regjeringa ynskjer eit samfunn der alle er inkluderte og har like moglegheiter. Vi treng bustader, bygningar og uteområde som er utforma soleis at dei kan brukast av alle.



Foto: Scanpix

- Vil ikkje desse kvalitetane føre til ekstra kostnader?

- Tek ein omsyn til UU ved prosjektering og bygging av nye bygg, er meir kostnaden liten. La meg seie det slik: Forbetringar kostar gjerne pengar, men det vil kunne liggje god økonomi i at bygg og bustad blir bygd med god tilgjengelegheit og universell utforming. Jo betre og meir funksjonell kvalitet, jo høgare verdi får bustaden både i marknaden og i bruk! Tilgjenge-

lege bustader betyr og at fleire kan bli buande lenger i eigen bustad. For dei fleste vil eit heimeliv i eigen bustad gi betre livskvalitet og blir verdsett høgare enn å bu i institusjon. Eg vil nemne at Husbanken har låne- og tilskotsordningar som stimulerer til universell utforming og tiltak for tilgjengelegheit.

"Ei svale gjer ingen sommar"?

- Nei, her har vi eit langt lerret å bleike. Regjeringa har eit langsiktig

Universell utforming i bygningsdelen i ny PBL

Det er krav om tilgjengelighet til publikumsbygg og arbeidsbygg. Kravene er i dag særlig rettet mot bevegelses- og orientingshemmede.

I ny plan- og bygningslov som etter planen skal trå i kraft 01.01.10, er det vedtatt å skjerpe reglene om tilgjengelighet slik at det kreves universell utforming av både nye og eksisterende bygg, anlegg og uteområder som er rettet mot allmennheten.

Ny lov stiller også krav om universell utforming av nye arbeidsbygg. Kravene til universell utforming vil konkretiseres i teknisk forskrift til plan- og bygningsloven.

For eksisterende bygg er det gitt en hjemmel til å gi særskilte forskrifter om at bestemte bygningskategorier skal oppgraderes til å være universelt utformet innen en bestemt frist (foreløpig er det ikke utarbeidet høringsforslag for oppgradering av eksisterende tiltak, og dermed heller ikke gitt noen tidshorisont).

Det vil bli laget en plan for dette framover.

perspektiv på dette arbeidet. Dette vil vere den andre store forbrukarkampanjen om universell utforming, og vi legg vi opp til ei vidareføring av informasjons- og opplærings tiltaka. I tillegg har informasjonsprogrammet dei siste åra gjennomført ei rekke tiltak for å styrke kjennskap, kunnskap og kompetanse om universell utforming i byggebransjen og i kommunane.

- Kva verkemiddel tek kampanjen i bruk?

- Kampanjen er i stor grad nettbasert – www.dinfeil.no -, men og trykte media takast i bruk. På nettstaden kan ein få teste kor funksjonell eigen bustad er og sjå kva endringar som skal til for å skape ein betre bustad. Nettstaden gir deg gode råd og anbefalingar om du tenkjer på å pusse opp, eller om du skal kjøpe ein ny eller brukt bustad.



Ressurskommunene klare til innsats med sine erfaringer i arbeidet med universell utforming. Bak fra venstre: Johnny Hommefoss, Risør; Raina Kristensen, Sortland/Nettverk Nord; Ingrid Rindal Øvsteng, Ullensaker; Elin Buli Aabel, Kristiansand; Brit Alvild Haugan, Verdal; Hans Petter Olsen, Gjøvik/Vestre Toten; Foran fra venstre: Solveig Dale, Trondheim; Kjersti Berg, Porsgrunn; Astrid Larsen, Stord; Kari Gregersen Næss, Verdal; Anne Reidun Garpestad, Time/Klepp; Wenche Lindberg, Eidskog.

Halve kommune- Noreg saknar uu-kompetanse

Over halvparten av dei spurde saknar kunnskap om universell utforming viser ei gransking som Norsk Kommunalteknisk Forening (NKF) har gjennomført.

Granskinga er gjennomført på vegne av ei prosjektgruppe samansett av Deltasenteret, Husbanken og Statens Bygningstekniske etat i samråd med Miljøverndepartementet og Kommunenes Sentralforbund. Her deltok 4 fylke, 6 uu-pilotkommunar og 4 vanlege kommunar. Om lag halvparten av dei spurde var saksbehandlararar. Den andre store gruppa var mellomleiarar, og resten var kommunalsjefar, representantar for råd og funksjonshemma og rådmenn.

Kompetanseprogram

Målet med granskinga var å kartlegge kompetansebehovet i ulike målgrupper. Med utgangspunkt i granskingsresultata skal prosjektgruppa utvikle eit målretta kompetanseprogram for universell utforming, som ein seinare skal tilbykommunar og fylkeskommunar. Målet med programmet er å auke kompetansen om universell utforming på plan- og bygningslova sitt virkeområde innan 2013.

Meir enn halvparten av dei spurde

har i løpet av det siste halvåret opplevd behov for, eller ønske om, meir uu-kompetanse.

Etterspurd kompetanse

Dei som svarte saknar kompetanse på fire hovudområde:

- 1 Kunnskap om gode eksempel/løysingar
- 2 Generell kompetanse om lovverk/regelverk
- 3 Kompetanse om tverrfagleg samarbeid/organisering av prosjekt
- 4 Behov for superbrukarar, dvs. nokon å rådføre seg med

Mange kan også tenke seg kompetansehevande tiltak på samhandlings-/prosessnivå. Fleirtalet ønskjer at dette skal gå finne stad gjennom aktuelle prosjekt.

Aktuelle målgrupper

Dei fleste er samde om at kommunane er den mest aktuelle målgruppa for opplæring, der dei viktigaste stillingstypene ser ut til å vere saksbehandlararar og toppleiarar. Vidare meiner mange at dei to mest sentrale

fagområda er plan/regional utvikling og byggesak. Over halvparten av dei spurde ønskjer seg dagkurs. Mange uttrykkjer også behov for å ha nokon å spørje når dei treng det. Storparten meiner at kompetansehevinga bør skje på arbeidsplassen eller i samarbeid med nabokommunar. "Ferdige kurspakkar" ser ut til å vere populære.

Pengar, politisk vilje og haldningar blir nemnt som dei største hindringane når det gjeld å få gjennomført opplæring i universell utforming.

Kompetanseprogrammet vil med bakgrunn i undersøkinga utvikle eit heilskapleg programtilbod. Ein tar sikte på at dette vil vere klart i løpet av andre halvår av 2010. For å lukkast med gjennomføringa, er det behov for lokale kompetanseagantar, som kan arrangere og halde foredrag og kurs. Interesserte kan kontakte Statens bygningstekniske etat for meir informasjon

Av Odd Bjørn Solberg



Kompetanseheving både internt og eksternt er eit viktig første steg på vegen for å realisere fylkesdelplanen for universell utforming i Rogaland fylke, seier prosjektleiar Linda Nilsen Ask.

Rogaland satsar på kompetanseheving

- Kompetanseheving er sentralt for å realisere intensjonane i Rogaland fylkeskommune sin plan for universell utforming, seier prosjektleiar Linda Nilsen Ask.

Rogaland vedtok fylkesdelplanen i 2007 og satsar no på både intern og eksternt kompetanseheving.

- Universell utforming skal legges til grunn ved all offentlig planlegging og utforming av offentlig og privat tenesteyting, produkter og omgivelser og innebærer en utforming for alle brukere, heiter det i fylkesdelplanen.

Fylkeskommunen skal no skolere dei 26 kommunane i fylket. I vår blir dei invitert til ein skoleringskonferanse med innføring i kartleggingsmetodar. Til hausten blir det arrangert ein erfaringskonferanse for same målgruppe.

Beste undervisningsopplegg

- Det er viktig å auke kunnskapen på alle nivå, fortel ho. Derfor er alle vidaregåande skolar invitert til ein konkurransen om å utvikle undervisningsopplegg om universell utforming. Her har dei sett opp ein premie på kroner 10.000,- per utdanningsprogram.

Langt framme på samferdsel

Rogaland fylkeskommune har gjort mykje bra innan samferdsel og universell utforming.

- Det omfattar mellom anna utforming av hurtigbåtar og Hurtigbåtterminalen i Stavanger, poengterer Linda. Dessutan er alle kaiene i Rogaland kartlagt saman med tilhøyrande ventetom og tilkomstfasilitetar. Ein har også kome i gang med universell utforming av busstransporten med omsyn til busslommer, ledelinjer og taktile kart.

Fylkeskommunen arbeider også med kartlegging av vidaregåande skolebygg, kultur- og friluftsområde, der det er planar om eit helleristingsområde på Åmøy, som skal leggast til rette for publikum.

Nettsida "tilgjengelighet.no"

Fylkeskommunen arbeider også med å utvikla ei eiga nettside for personar med nettsett bevegelsesevne ("tilgjengelighet.no"). Her skal folk finne informasjon om kor tilgjengeleg spisestader, hotell, offentlege bygg, friareal med meir er. Intensjonen er å gradere kvar stad etter uu-kvalitet. Universell utforming skal leggast til grunn for både innhald og utforming av sidene på nettstaden, poengterer Linda Nilsen Ask.

Tekst og foto: Odd Bjørn Solberg

- Universell utforming en del av moderniseringen

- Norge universelt utformet 2025, heter Regjeringens handlingsplanen for universell utforming og økt tilgjengelighet 2009-2013. Arbeidet blir karakterisert som den største satsingen på universell utforming i Norge noensinne.

Barne- og likestillingsminister Anniken Huitfeldt ser universell utforming som en viktig del av moderniseringsprosessen.

Styrker velferdsstaten

- Dette er en satsing hvor viktige likestillings spørsmål for personer med nedsatt funksjonsevne og modernisering av samfunnet går hånd i hånd. Universell utforming skal sikre at personer med nedsatt funksjonsevne får samme muligheter til utdanning, arbeid og sosialt liv som alle andre. Fordelene er bedre og sikrere omgivelser for alle. Universell utforming gir positive tilskudd til Norge som velferdsstat, sier statsråd Huitfeldt.

Regjeringens visjon er at Norge skal være universelt utformet innen 2025, og den nye handlingsplanen inneholder en rekke tiltak for å nå dette. Disse er fordelt på 16 departementers ansvarsområder og det lanseres en egen kommunesatsing.

Verdensmester i likestilling

- Norge er best i verden på likestilling mellom menn og kvinner. Jeg ser også at utenlandske fagmiljøer peker på Norge som et foregangsland når det gjelder universell utforming. De peker spesielt på at vi bruker universell utforming i diskriminerings- og tilgjengelighetsloven og at vi er kommet langt med å inkludere begrepet i nasjonal politikk og lovgivning. I handlingsplanen legges det opp til betydelige satsinger innenfor en rekke områder, ikke minst på transportsektoren gjennom Nasjonal transportplan 2010 – 2019.

Vi har et veldig godt utgangspunkt for å nå visjonen om at Norge skal være universelt utformet innen 2025, sier Huitfeldt.

-Stolt av hjembygda mi

- Jeg kommer selv fra Ullensaker kommune i Akershus. Ullensaker har vært med i Miljøverndepartementets pilotkommuneprosjekt for universell utforming. Jeg ser hvilke positive endringer det har ført med seg. Det er lettere for alle å komme seg rundt i bygda. Nå kommer både familier med barnevogn og brukere av rullatorer og rullestol fram til steder hvor det ikke har vært mulig tidligere. Kommunen har hatt besøk av politikere og fagfolk fra inn- og utland, som vil studere hvordan Ullensaker arbeider med universell utforming. Jeg blir ganske stolt av hjembygda når jeg hører alle positive kommentarene de kommer med.

2025 et realistisk mål

Pilotkommunene fikk litt økonomisk støtte fra staten for å være foregangskommuner. God planlegging, systematisk arbeid og god kompetanse om kommunal forvaltning og universell utforming betyr svært mye for å lykkes. Når Staten i tillegg kommer med midler til universell utforming, som for eksempel i Nasjonal transportplan, er jeg sikker på at vi vil lykkes med denne satsingen, avslutter statsråden.

- Norge er best i verden på likestilling mellom menn og kvinner. Utenlandske fagmiljøer ser på Norge som et foregangsland innen universell utforming, forteller Barne- og likestillingsminister Anniken Huitfeldt. Foto: Scanpix



Finanspolitisk tiltakspakke for arbeid

- Den finanspolitiske tiltakspakken viser at Regjeringen tar økt tilgjengelighet og universell utforming på alvor, sier Barne- og likestillingsminister Anniken Huitfeldt.

Alle prosjekter som kommer inn under Regjeringens tiltakspakke skal, der det er relevant, legge vekt på universell utforming.

Mer til vedlikehold

Tilskudd til vedlikehold, rehabilitering og oppgradering av eksisterende kommunale bygg og infrastruktur kan nyttes til å fremme universell utforming. Tilskuddet er på 4 milliarder kroner. Denne vektleggingen av universell utforming er i tråd med intensjonene bak den nye diskriminerings- og tilgjengelighetsloven av 1. januar 2009.

Bedre jernbanestasjoner

Også innenfor investeringer, drift og vedlikehold på transportområdet er det føringer om økt tilgjengelighet. Det er blant annet foreslått 50 mill kr til jernbanestasjoner og knutepunktutvikling for å bedre tilgjengeligheten på stasjoner og plattformer langs jernbanenettet.

Fra friluft til IKT

Universell utforming og økt tilgjengelighet prioriteres på en rekke områder:

▲ 35 mill kr for tilretteleggingstiltak i friluftsområder hvor tiltak for personer med nedsatt funksjonsevne er et av flere tema som prioriteres dersom det er relevant.

▲ 25 mill kr til Riksantikvaren for istandsetting og tilrettelegging av kulturminner med vekt på universell utforming

▲ 20 mill kr øremerket til tilgjengelighetstiltak knyttet til Statsbyggs eiendomsmasse.

▲ 30 mill kr til ombygging av asylmottak for blant annet å tilrettelegge for personer

med nedsatt funksjonsevne.

▲ Ytterligere 75 mill kr som et engangstilskudd til studentboligbygging i 2009 knyttet til miljø- og energifremmende tiltak og universell utforming.

▲ 60 mill kroner til IKT-fornyelse i kommunene

▲ I tillegg er rentekompensasjonsordningen for skoler og svømmeanlegg økt fra 2 til 3 milliarder kroner. Endelig er rentekompensasjonsordningen for kirker økt fra 800 mill. til 1,2 milliarder kroner

Norge universelt utformet i 2025

Visjonen er at Norge skal være universelt utformet innen 2025, heter det i regjeringens handlingsplan for universell utforming og økt tilgjengelighet.

Universell utforming handler om likestilling og gjør samfunnet bedre å bo i for alle innbyggere. Handlingsplanen omfatter de fleste samfunnsområder og berører hele 16 departementer.

Handlingsplanen for universell utforming fokuserer på fire prioriterte innsatsområder, nemlig uteområder/planlegging, bygninger, transport og IKT.

Det overordna målet er å støtte opp under iverksettingen av ny diskriminerings- og tilgjengelighetslov, ny plan- og bygningslov og annen lovgiving som omhandler universell utforming. Plikten til universell utforming i diskriminerings- og tilgjengelighetsloven er et minskeskrav og gjelder samtidig som en rettslig standard.

Planen skal realiseres gjennom ulike virkemidler tilpasset sektor og oppgave med tidsfaste mål. Det kan for eksempel med hjemmel i plan- og bygningsloven fastsettes forskrifter for oppgradering av bygg, anlegg og uteområder rettet mot allmennheten innen gitte tidsfrister. God dokumentasjon som viser utvikling og effekt av ulike virkemidler er viktige for å nå fastsatte mål. For å få et bedre grunnlag for å prioritere innsatsen fram mot 2025 skal det derfor utvikles *indikatorer* for universell utforming.

Handlingsplanen er sektorovergri-



Fra torvet i Farsund med ny godt tilgjengelig utescene.

pende, der samarbeid mellom ulike forvaltningsledd og nivå er viktig. For eksempel inneholder planen et program for å støtte opp om kommunenes

arbeid. Satsingen på ressurskommuner og pilotfylker inngår i dette programmet. Samtidig skal fylkeskommuner og fylkesmannsembeter involveres ster-

kere i det regionale og lokale arbeidet med universell utforming.

Kommunane og den nye Diskriminerings- og tilgjengelova

I følge paragraf 9 i Diskriminerings- og tilgjengelova (dtl) skal ei offentleg verksemd arbeide aktivt og målretta for å fremje universell utforming.

I dette ligg det at verksemda må utforme eller legge til rette alle hovudløysningar slik at verksemda sine alminnelege funksjonar kan nyttast av flest mogleg, for eksempel hovudinnang, resepsjon, møterom og toalett. Brot på plikta til å sikre universell utforming vert rekna som diskriminering.

Universell utforming må med

Det er viktig å peike på at universell utforming skal kome alle til gode, sjølv om det kan virke dyrt og vanskeleg å tilpasse eksisterande bygg. Likestillings- og diskrimineringsombodet (ldo) oppfordrar difor kommunane til å ta universell utforming inn i planlegginga frå A til Å, slik at bygget frå starten av er tilgjengeleg for alle.

Likestillingsarbeid krev aktive tiltak, ikkje berre gode intensjonar, og med den nye lova følgjer ei aktivitets- og utgreiingsplikt. Kommunar må setje i verk konkrete tiltak, definere mål for arbeidet, utarbeide og følgje

ein bevisst strategi og årleg gjere greie for kva som har blitt gjort.

Dtl i konflikt med verneomsyn

Sidan dtl tok til å gjelde i kraft 1. januar har LDO motteke fleire klager på manglande universell utforming i kommunar. Ei av klagen gjeld Røros rådhus. LDO fekk ei klage på manglande tilgjenge frå Norges Handikapforbund (NHF) Trøndelag i februar. Dette bygget er verna, og det kan difor oppstå konflikt mellom føreseger i kulturminnelova og dtl - kva skal telje mest? LDO har bedt Røros kommune sjekke med Riksantikvaren om det er mogleg å kome fram til ei løysing for å leggje til rette for flest mogleg utan at det kjem i konflikt med verneomsyna.

Skulle Riksantikvaren si utgreiing slå fast at ein ikkje kan endre noko i bygget, kan LDO kome til å oppfordre kommunen til å flytte lokale. Det er ikkje nok å drive ei kommunal bedrift som skal vera retta mot publikum i eit bygg som i røynda ikkje er tilgjengeleg for alle.

”Uforholdsmessig byrdefullt”?

Ei anna klagesak på universell utfor-

ming gjeld rådhuset i Ballangen kommune. LDO fekk også denne klaga frå NHF i februar. Rådhuset har ikkje heis, noko som fører med seg at rullestolbrukarar ikkje har tilgang til vesentlege lokale som kommunestyresalen, ordførarkontoret og vallokalet i andre etasje. I tillegg har inngangspartiet for høg terskel og dørene er store, tunge og utan elektrisk opnar. Det er ikkje handikoptolett på huset og ingen oppmerka parkeringsplassar for rørslehemma. Etter oppfordring frå LDO har kommunen no lova utbetringar, men dei meiner at vanleg heis til andre etasje er umogleg å montere grunna nivåforskjellar. LDO meiner at ei trappeheis ikkje kan sjåast som universell utforming, noko LDO har peika på overfor kommunen og bedt om ei ny utgreiing.

Det skal no vurderast om dette tilfellet fell inn under unntaket i paragraf 9, første ledd, ved at det å utforme universelt vil være ”uforholdsmessig byrdefullt for virksomheten”. Den generelle tilretteleggingsplikta har nemleg avgrensingar og kvar verksemd si plikt til generell tilrettelegging vil variere ut i frå kva funksjonsevne og verksemd det er snakk om.



- Den nye standarden for universell utforming kjem til hausten, seier overingeniør Aina Tjosås, som har deltatt i arbeidsgruppa for utarbeiding av standarden. (Foto: Odd Bjørn Solberg)

Norsk standard for universell utforming?

- Det er overkomeleg å lage ein standard med tilgjengelegheitskrav for rullestol i bustader, men mykje vanskelegare med uu-standardar for syn og hørsel.

Derfor er det vanskeleg å setje ein standard som passar for alle, fortel overingeniør Aina Tjosås ved Husbanken Region vest. Ho har vore med i Standard Norge si arbeidsgruppe for utarbeiding av ein norsk standard for universell utforming av bustader. Samstundes har gruppa også utarbeida eit utkast til norsk standard for universell utforming av publikumsbygg og arbeidsbygg.

Universelt tilgjengeleg bybane i Bergen

Lave, trinnfrie haldeplassar og terskelfrie vogner med flatt golv mot plattformene, ledelinjer og varselfelt i belegget blir mellom funksjonane til den nye bybanen som opnar i 2010.

I tillegg vil alle haldeplassar ha gode informasjonssystem med rutetider i tekst og lyd. I vognene vil viktige funksjonar som dører og beteningsutstyr vere lett synlege med god plassering, funksjonell fargebruk og belysning. Lyd og LED-lys i taket markerer til dømes når dørene stenger.

Den gode reisa

- Det overordna målet med universell utforming av bybanen er å fjerne barrierar for alle brukarar uavhengig av om dei ser eller høyrer dårleg, er rørslehemma eller har vanskar med å forstå informasjonsskilt og måten transportsystemet er bygd opp på, fortel Thomas J. Potter, som er teknisk sjef og prosjektleiar for rullande materiell ved Bybanen.

- Eit offentleg transportsystem må vere både lett tilgjengeleg, enkelt å forstå og bruke, poengterer han. Haldeplassane vil derfor bli fysisk lett tilgjengelege. Det skal vere lett å finne fram på stasjonane ved hjelp av god skilting, eit lett forståeleg informasjonssystem og enkelt å kjøpe billett.

Avgang kvart 5. minutt

Bybanen er ei moderne dobbeltspora trikkelinje, som i hovudsak er skild frå annan trafikk. Den 10 km lange banen har 15 stasjonar og ligg i eit område med 26.000 personar. Den vil ha avgang kvart 5. minutt.

Brukarane av offentleg transport endrar seg på fleire måtar: Folk blir høgare, eldre, breiare – og teknologisk



bybanen
BERGEN LIGHT RAIL

sett meir avanserte. Dei forventar større komfort, betre informasjon og påliteleg sørvis. Derfor er det nødvendig å utvikle lette skinnegående kjøretøy med eigenskapar og løysingar som tilbyr både fysiske, tekniske og brukarløysingar som er betre enn på eldre tog, bussar og trikkar. Såleis vil rei-

sande med bybanen få tilgang til internett og eit informasjonssystem som nyttar både lyd, lys og bilde for å informere dei.

Gjennomført design

Bybanen blir bygd ut frå eit designprosjekt som omfattar både landskapsar-

kitektur, leskur, utstyr på haldeplassane, vognene, føraruniformene og grafisk profil.

Av Odd Bjørn Solberg

BRA-midler – bedre busstransport

Det er bevilget 56 millioner kroner til tilskudd for å øke tilgjengeligheten i kommunal kollektivtransport for 2009, og interessen fra kommunene er stor.

For fjerde gang er det satt av øremerkede midler til økt tilgjengelighet i kommunal kollektivtransport over statsbudsjettet.

Hva går ordningen ut på?

Kommuner og fylkeskommuner søker etter invitasjon fra Statens vegvesen. Det kan søkes om tilskudd til tiltak som gir bedre tilgjengelighet/universell utforming i kollektivtransporten på kommunenes eller fylkeskommunenes ansvarsområde. De største gruppene av tiltak er infrastrukturtiltak (oppgradering av eksisterende infrastruktur), informasjonstiltak, opplærings- og

kompetansetiltak og tiltak rettet mot kjøremateriell.

Kriteriene for å få BRA-midler

BRA-midler står for "Bedre infrastruktur, Rullende materiell og Aktiv logistikkbedring". Både samarbeid og god faglig bearbeiding er viktig for å få tilskudd fra ordningen. For at tiltaket skal kunne få tilskudd må følgende vere oppfylt:

- ▲ Det skal vere brukermedvirkning i prosjektene.
- ▲ Tiltaket må bidra til at målet om mer tilgjengeleg kollektivtransport oppfylles.
- ▲ Egenandelen på 25% må vere politisk godkjent før søknaden sendes.
- ▲ Samarbeidsprosjekt der kommuner og fylkeskommuner samarbeider med statlige etater blir prioritert.

▲ "Hele-reisen"-perspektivet må vere ivaretatt. Det gis lite midler til enkeltstående tiltak og spredd holdeplassutbedring. Tiltak på hele linjer er derimot midt i blinken for tilskuddsordningen.

▲ Tiltakene skal vere på kommunalt eller fylkeskommunalt ansvarsområde.

Tilskuddsordningen gjør at det løner det seg for kreative kommuner å jobbe systematisk med tilgjengelighet til transporten.

Evaluering av BRA-ordningen

BRA-ordningen er evaluert (<http://www.vegvesen.no/binary?id=65907>) av Urbanet analyse as. Den viser at tilskuddsordningen har fungert som et godt prosessverktøy, der aktører i kommunesektoren har kommet i kon-

takt med hverandre og skapt gode nettverk for arbeidet med universell utforming. Det kommer også fram at kommuner som søker om BRA-midler har mange prosjekter på gang, og bruker mer kommunale midler på universell utforming enn egenandelen på 25 %. BRA-midlene har ført til en kompetanseheving i kommunene som får tilskudd.

I løpet av 2009 skal transportetatene selv evaluere samarbeidet på dette feltet.

Les mer om tilskuddsordningen og tildelingsprosessen på Statens vegvesen sine nettsider:

<http://www.vegvesen.no/Fag/Fokuseringer/Universell+utforming/Tilskuddsmidler++BRA>

Av Trine Hagen, seniorrådgiver, Statens vegvesen Vegdirektoratet

Fra dør til dør med ny Nasjonal transportplan

Universell utforming er ett av de fire hovedmålene i Nasjonal Transportplan 2010-19. Ett av delmålene er et universelt utformet kollektivtransportsystem.

I mars la regjeringen fram Stortingsmelding nr 16, Nasjonal transportplan (NTP), som er regjeringens overordnede plan for transportpolitikken på veg, luft, sjø og bane. Målet for transportpolitikken er å tilby et effektivt, sikkert og miljøvennlig transportsystem som dekker samfunnets behov for transport, og som fremmer regional utvikling. Målene og satsingene som skisseres i NTP er viktig for kommunene, fordi arbeidet på transportområdet må være koordinert, på tvers av forvaltningsnivå.

Store penger

Universell utforming er sentralt i NTP. Ett delmål er at kollektivtransportsystemet skal bli mer universelt utformet. Staten skal satse sterkt på oppgradering både av jernbanestasjoner og på vei. Gjennom NTP settes det av 3,5 milliarder kroner til utvikling av jernbanestasjoner og knutepunkt. 1500-2000 holdeplasser i riksveinettet



Universelt utformet bussholdeplass med ledelinjer og opphøyet holdeplass for enkel innstigning (fotograf: Lin Stensrud).

skal oppgraderes til universell utformet standard.

Konsekvenser for kommunene

NTP er viktig for kommunesektoren, selv om planen handler om investeringer på statens ansvarsområde. Helhet i reisekjedene og dør-til-dør-perspektivet er anerkjente begreper når vi

snakker om universell utforming i transport: For at man skal kunne reise trygt og være sikker på at man har tilgjengelighet i alle ledd, må alle holdeplasser være oppgradert. For trafikanten spiller det liten rolle om holdeplassen er på kommunal eller statlig grunn. Det er viktig at kommunene samarbeider med hverandre og med

statlige etater som Jernbaneverket og Statens vegvesen når prosjekter planlegges, slik at hele strekninger kan tilrettelegges. Et slikt samarbeid mellom ulike forvaltningsnivåer og mellom kommuner blir også belønnet gjennom BRA-midlene (se egen sak).

Hele reisekjeden

I arbeidet med NTP har Vegdirektoratet, Jernbaneverket, Kystverket og Avinor AS samarbeidet om hvordan man skal få til et helhetlig transportsystem. Et helhetlig transportsystem med gjenkjennelige detaljer og løsninger er viktig for alle. Transportetatene skal legge universell utforming til grunn ved all nybygging og ved oppgradering av eksisterende infrastruktur. Dette vil føre til at tilgjengeligheten og kvaliteten i transportsystemet gradvis, men systematisk, blir bedret. Det vil gavne alle trafikanter!

▲ Stortingsmelding 16:

<http://www.regjeringen.no/nb/dep/sd/dok/regpubl/stmeld/2008-2009/stmeld-nr-16-2008-2009-.html?id=548837>

▲ Mer om NTP:

<http://www.ntp.dep.no/>

Av Trine Hagen, seniorrådgiver, Statens vegvesen Vegdirektoratet

Tilgjengelige busser lønnsomt for alle

Universell utforming av kollektivtransporten er inkluderende og øker kvaliteten. Det vil koste flekk å oppgradere, men det er svært samfunnsøkonomisk lønnsomt viser undersøkelser som dr. oecan James Odeck ved Vegdirektoratets utbyggingsavdeling har gjennomført.

I Nasjonal Transportplan 2006-2015 ble bedre tilgjengelighet for første gang presentert som et hovedmål for norsk transportpolitikk. Arbeidet skulle starte i kollektivtransporten.

Bare 5.000 holdeplasser gode nok

I dag er bare 5000 av landets 65.000 holdeplasser universelt utformet. Det understreker behovet for å øke tilgjengeligheten i kollektivtransporten. Universell utforming har tradisjonelt blitt oppfattet som nyttige kun for de få - svaksynte, bevegelseshemmede osv. Kostnadene ved slike tiltak ville derfor være mye høyere enn nytten, slik at de kunne karakteriseres som ulønnsomme.

- Dette er ikke riktig siden tiltak med universell utforming ofte vil gi større nytte enn andre typer tiltak, fordi de som regel kan brukes av alle trafikanter, understreker James Odeck og Trine Hagen.

Gjennom tilskuddsordningen for bedre tilgjengelighet til kollektivtrafikken har kommuner og fylkeskommuner testet ut ulike tiltak, der tre hoved-

grupper har fått tilskudd, nemlig innen infrastruktur, informasjon og planlegging. Infrastrukturtiltak omfatter tiltak som gir høyere standard på holdeplasser: Taktile ledelinjer, forhøyning av plattformer som ved bruk av knelende busser gir trinnfri adkomst til kjøretøy, legging av varselindikatorer, markering av stopppunkter, universelt utformede ventehus og fjerning av nivåforskjeller. Informasjonstiltak er rettet enten mot personalet i busselskapene om service overfor særskilte grupper eller mot publikum. Planleggingstiltak handler om å få helhetlig tilrettelegging langs traseer. Da kan man samarbeide med flere aktører, noe som er nødvendig med den ansvarsfragmenteringen som preger transportsektoren.

Gagner alle

- Tre sentrale tiltak basert på universell utforming er lavgulv/laventrebuser, opphøyd holdeplass for enkel av- og påstigning samt belysning av holdeplasser.

Ulempen med både lavgulv/laventre-

busser og opphøyd holdeplasser er at selskapene påføres ekstra kostnader i form av investeringer og vedlikehold. På plussiden forenkles av- og påstigning for alle, ikke bare bevegelseshemmede. Ved siden av redusert reisetid øker også bekvemmeligheten for alle typer trafikanter.

Bedre belysning på holdeplassene vil dessuten gi bedre oversikt, gjøre det enklere å lese ruteinformasjon samt økt trygghetsfølelse.

- Universell utforming av kollektiv-

transporten er både samfunnsøkonomisk nyttig og lønnsomt, fordi merkostnadene ved å gjennomføre dem er relativt små. Dessuten er det en stor gevinst at flere kan bruke kollektivtransportsystemet uavhengig av funksjonsevne. Egentlig kan man stille spørsmål ved om hvorfor denne type tiltak ikke har vært vurdert eller er integrert i standard transportplanlegging i Norge, avslutter Odeck og Hagen i Vegdirektoratet.



- Universell utforming av kollektivtransporten er samfunnsøkonomisk lønnsomt. Det kan til og med bidra til passasjerøkning, sier James Odeck og cand. polit. Trine Hagen ved Vegdirektoratets utbyggingsavdeling (fotograf: Henriette Erken Busterud).

En langsiktig nasjonal strategi

Universell utforming (uu) er en langsiktig nasjonal strategi for å bidra til å gjøre samfunnet tilgjengelig for alle og hindre diskriminering. Derfor er strategien nedfelt i formålsparagrafen i ny plan- og bygningslov.

I § 1-1 heter det at prinsippet om universell utforming skal ligge til grunn for planlegging og kravene til det enkelte byggetiltak.

Universell utforming dreier seg om utforming og tilrettelegging av fysiske forhold for å fremme like muligheter til samfunnsdeltakelse, og nedbygge funksjonshemmende barrierer.

- Dette er hensyn som nå skal fremmes gjennom plan- og bygningslovens system og bestemmelser, sier Jarle Jensen, ekspedisjonssjef i Miljøverndepartementet.

Brukermedvirkning

Universell utforming tilfører kvaliteter i menneskeskapte omgivelser, som er positive for alle innbyggere og for Norge som samfunn. Universell utforming forutsetter inkluderende planlegging. Det betyr at medvirkningen er utvidet til også å omhandle forutsetningene for at folk skal kunne delta. Møtelokaler skal for eksempel være tilgjengelige, og informasjon skal formidles slik at den kan oppfattes av blinde og svaksynte.

- Erfaringskompetansen til personer

med nedsatt funksjonsevne blir i et slikt perspektiv en viktig ressurs for regional og kommunal planlegging, sier Jarle Jensen.

Kostnadseffektiv

Erfaringer viser at universell utforming er en kostnadseffektiv strategi. Løsninger som tilstreber universell utforming og tar hensyn til mennesker med nedsatt funksjonsevne blir ikke dyrere dersom denne strategien innarbeides i en tidlig fase av planlegging og prosjektering.

UU og andre lover

Lov om forbud mot diskriminering på grunn av nedsatt funksjonsevne (diskriminerings- og tilgjengelighetsloven) trådte i kraft 1. januar 2009. Den inneholder en bestemmelse om plikt til generell tilrettelegging (universell utforming). Her heter det at både offentlig og privat virksomhet skal arbeide for å fremme universell utforming innenfor virksomheten.

- Planlegging etter ny plan- og bygningslov gir regionale og lokale myndigheter gode virkemidler til å møte

disse utfordringene på en konstruktiv måte, poengterer ekspedisjonssjef Jensen.

- Denne strategien bør tas inn som generell føring i alle regionale planer som angår fysiske rammer for menneskers liv og påvirker deres muligheter for å utvikle og bruke egne ressurser. Transport og hovedtrekk i senterstruktur, bosetting og tilgang til regionale tjenester kan være eksempler.

Første temaveileder for planlegging etter ny PBL er nå klar.

Universell utforming og planlegging etter Plan- og bygningsloven (Plandelen)

<http://www.regjeringen.no/nb/dep/md/dok/veiledninger/2009/temaveileder-universell-utforming-og-pla.html?id=557913>

Områdemodellen er et godt utgangspunkt for å fremme hensynet til universell utforming, sier ekspedisjonssjef Jarle Jensen.



KS venter på uu-forskrifter

- KS er opptatt av at kommunene i forbindelse med vedlikehold av kommunale bygg og anlegg tar hensyn til universell utforming på samme måte som ved nybygg, sier Halvdan Skard, leder i KS.

- Vi ser fram til at det kommer forskrifter til den nye plan- og bygningsloven som regulerer universell utforming på dette området, poengterer han. KS har meldt kostnadsberegning av universell utforming som sak i konsultasjonsordningen mellom KS og Regjeringen.

- Vi er opptatt av å få avdekket hvilke merkostnader som vil måtte oppstå i forbindelse med nye krav til universell utforming, både i eksisterende og nye bygg og anlegg. I første omgang er det viktig at kommunene får informasjon og kompetanse om hva de nye reglene vil innebære for kommunene. Trondheim er et eksempel på en kommune som viser hvordan man kan jobbe med universell utforming, der minst 50 % av boenhetene i alle nye flerleilighetsbygg skal være universelt utformet.



Merkostnadene med universell utforming må klargjøres, sier Halvdan Skard i KS

Skolering i ny Plan- og bygningslov

Plandelen i den nye Plan- og bygningsloven trår i kraft 1. juli 2009, og i den forbindelse har Miljøverndepartementet utarbeidet et omfattende veiledningsopplegg.

Hovedfokus er hvordan man skal forstå og bruke loven. Det vil bli laget tre ulike typer veiledere.

Kommentarutgaven er organisert etter kapitler og paragrafer i loven og går mer i dybden med kommentarer, presiseringer og illustrasjoner til lovbestemmelsene og har eksempler på planfremstilling på kart. Dette er veilederen for dem som jobber med planlegging til daglig, for eksempel saksbehandlere med plan og byggesak, eller som tiltakshavere, ansvarlige søkere og i konsulentbransjen.

Temaveiledere gir en introduksjon til viktige aktuelle tema i forhold til planlegging etter ny PBL og hvordan loven gir mulighet til å bestemme gjennom planer og kan løse utfordringer i forhold til temaet. Temasidene leder leseren videre til mer dyptgående informasjon. Universell utforming er et

tema som får sin egen veileder.

Kortveilederen presenterer plan-systemet for folkevalgte, studenter, media og allmennheten ellers. For dem som ønsker å vite mer er det lagt ut linker til mer dyptgående artikler.

Veilederne vil bli lagt ut på Internet på www.planlegging.no og blir oppdatert jevnlig.

I tillegg til dette vil det i alle fylker finnes et veilederteam på fire til seks personer rekruttert fra fylkeskommunen og fylkesmannen. Dette teamet skal bidra til at kommuner og andre aktører tilegner seg kunnskap om loven og hvordan den kan brukes.

Bygningsdelen av ny plan- og bygningslov trer i kraft i 2010. Det vil bli gjennomført et eget informasjonsopplegg for denne delen av lovverket.

Fra pilot- til ressurskommuner

Pilotkommunene som deltok i prosjektet "Universell utforming som strategi i kommunene" har nå avsluttet jobben sin, men skal fortsette som ressurskommuner.

Gjennom den nye ordningen med ressurskommuner vil den kommunerettede innsatsen i ny handlingsplan for universell utforming og økt tilgjengelighet bli styrket. Her vil de 17 pilotkommunenes erfaringer være viktige både som inspirasjon og forbilder for å nå målet om at alle kommunene har lagt inn universell utforming i sine planstrategier etter ny plan- og bygningslov innen 2015.

Ressurskommunene

Alle de pilotkommunene som selv ønsker det og har politisk forankring for dette, blir med videre som ressurskommuner. De nye ressurskommunene blir Eidskog, Kristiansand, Porsgrunn, Risør, Stord, Trondheim, Verdalen og Ullensaker. Som ressurskommuner i par deltar Time/Klepp og Vestre Toten/Gjøvik. For Nord Norge arbeider

Sortland og Tromsø sammen om å utvikle Nettverk Nord som et ressursnettverk for universell utforming i de tre nordligste fylkene.

Oppgaver

Kommunene inngår i det nasjonale arbeidet med å fremme universell utforming som kommunal strategi. Dette innebærer at de enkeltvis, som par eller som drivere av nettverk setter av ressurspersoner, som kan håndtere de oppgavene som vil ligge til en slik status. Ordningen vil gå over flere år. Ressurskommunene skal være en aktiv samarbeidspartner på regionalt nivå

og fungere interkommunalt og bilateralt overfor andre kommuner. Dette vil blant annet omfatte foredrag, ta i mot henvendelser og besøk, legge opp befaringer, bidra til regionalt og nasjonalt formidlings- og utviklingsarbeid. Miljøverndepartementet legger vekt på å videreføre den kompetansen som prosjektlederne i de tidligere pilotkommunene besitter.

Les mer om pilotkommunene og deres erfaringer i rapporten T-1472 "Universell utforming som kommunal strategi". Den kan lastes ned fra nettet, <http://www.twm.no/md/>

Mange vil bli uu-pilotfylke

- 13 fylker ønsket å bli pilotfylke innen universell utforming. Det var mange gode søknader og det har vært en utfordrende jobb å velge blant disse, sier seniorrådgiver Einar Lund i Miljøverndepartementet.

Universell utforming inngår i fylkenes ordinære ansvar og oppgaver knyttet så vel til egen virksomhet som til veiledning overfor kommunene. Fra 2009 vil forpliktelsene på dette feltet styrkes gjennom den nye diskriminerings- og likestillingsloven samt ny plan- og bygningslov.

